



Foto: Jesper Rais/RaisFoto



## Fritidsbustadundersøking

Vest-Telemark 2023



Vest-Telemark  
Fyresdal • Kviteseid • Nesodden • Seljord • Tømmerdal • Vingrom

Innovasjon Norge  
TELEMARK

# Innhaldsliste

## Oppsummering

### 1. Bakgrunn og respons

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

### 2. Om respondentane

2.1 Respons

2.2 Demografi

### 3. Om fritidsbustaden

3.1. Fritidbustadområde

### 4. Bruk av fritidsbustaden

4.1. Vest-Telemark heile året

4.2 Brukarar og bruksfrekvens

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

### 5. Utleige av fritidsbustaden

5.1. Utleige av fritidsbustaden

### 6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Vest-Telemark

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Vest-Telemark?

6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

6.4. Aktivitetar og opplevelingar

6.5. Utnytting av aktivitetstilbod

### 7. Tilrettelegging i fritidbustadområde

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleveling av lokalsamfunnet

7.2.1 Oppleveling av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

### 8. Innkjøp i lokalsamfunnet

8.1 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

### 9. Berekraft på reisemålet

9.1. Vest-Telemark som berekraftig reisemål

9.2. Energisparing i fritidsbustaden

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

### 10. Den samla opplevinga av reisemålet

10.1. Den samla opplevinga av Vest-Telemark som reisemål

# Oppsummering

Rapporten gjev innsikt i fritidsbustadeigarar i **Vest-Telemark** og deira haldningar og meininger om Vest-Telemark som reisemål. Her er dei viktigaste funna:

## 1. Deltaking og mangfald:

- Rapporten inkluderer svar frå 13% av alle eigalarar av fritidsbustader i Vest-Telemark, basert på ei undersøking med 1925 personar, der 1897 kvalifiserte for å svare.
- Det er ein god representasjon av både kjønn og aldersgrupper, med 57% menn og 43% kvinner. Dei fleste respondentane er i alderen 50-59 år (33,5%).
- Fritidsbustadeigaren i Vinje kommune er den mest aktive deltakaren.

## 2. Bruk og sesong:

- 84% av respondentane seier dei brukar fritidsbustaden heile året, og vinteren er ei populær tid for bruk, spesielt desember til mars og i påska.
- Områda i Vest-Telemark er godt tilrettelagde for vinteraktivitetar som alpint og langrenn.

## 3. Framtidig bruk:

- 65% av respondentane forventar å bruke fritidsbustaden på same måte i framtida, medan 26% planlegg å bruke den meir.
- 8% forventar å bruke den mindre, med hovudårsakar som auka straumprisar (75%) og generelle aukande kostnader (40%).

## 4. Årsaker til å eige:

- Hovudgrunnen til eigarskap er å vere i naturen (svarer 90-95% av respondentane). Andre viktige faktorar inkluderer passande avstand frå heimen (77%) og eit godt aktivitetstilbod (52%).
- Over 60% meiner skianlegga er ein svært eller ganske relevant årsak til å eige ei fritidsbustad i Vest-Telemark.

## 5. Aktivitetar og tilrettelegging:

- Aktivitetar som langrenn (84%) er meir populære enn alpint (50%) og toppturar om vinteren (48%).
- 89% føretrekker å gå på tur på eiga hand.
- 78% meiner det er svært viktig å vere i naturen.
- Mange er nøgde med tilrettelegginga for avfallshandtering, breiband, og mobildekning, men andre aspekt som informasjonstavler og turstiar får meir varierte svar.

## 6. Haldningar til fritidsbustader og berekraft:

- 36,2% meiner det er for mange fritidsbustader i Vest-Telemark.
- 61,3% meiner det bør vere strengare krav til bygging i fjellområda.
- Majoriteten meiner Vest-Telemark står fram som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv, og lokalbefolking (70%).
- Interessa for å gjere energisparande tiltak er stor (66,9%), med bruk av LED-pærer og redusert innetemperatur som dei mest populære tiltaka.
- 43,1% brukar elektrisk bil
- Kollektivtransport er lite brukt på grunn av manglande tilgjenge (68,9%).

## 7. Oppleving av reisemålet:

- Mange er nøgde med opplevinga av Vest-Telemark, med eit gjennomsnittleg tilfredsheit på 7,9 på ein skala frå 0 til 10.

# 1. Bakgrunn og respons

---



Foto: Jesper Rais / Raisfoto

## 1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultata frå ei spørjeundersøking utført blant eigarar av fritidsbustad i dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark, i Vestfold og Telemark fylke.

Vest-Telemark inkluderer kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden februar-april 2023.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisera seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for fyrste gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ønsker å arbeide systematisk og langsiktig med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er prosjekteigar av prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Kommunane var hjelpsame med oversikt over hyttevelforeiningar der det finst. Hyttevelforeiningar har vore med å dele undersøkinga via nyheits- og informasjonsbrev. Facebook-grupper retta mot fritidsinnbyggjarar i ulike fritidsbustadområder blei også i stor grad nytta.

Totalt har over 1800 personar svara på dei 39 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 13967 fritidsbustader i Vest-Telemark<sup>1</sup>. Det vil

seie at omlag 13% av fritidsinnbyggjarane i regionen har svara på undersøkinga.

57% av svara kjem frå Vinje kommune, som er den største fritidsbustadkommunen i regionen, med 5802 fritidsbustader<sup>2</sup>. 41% av alle fritidsbustader i Vest-Telemark ligg i Vinje kommune.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svara på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Vest-Telemark.

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen, enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig eigen fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).

**Me vil rette ein stor takk til alle fritidsinnbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.**

## 1.2 Introduksjon


Turismen knytt til fritidsbustader er stor og viktig i Vest-Telemark.

Regionen har nærmere 14 000 fritidsbustader. Det er 21% fleire fritidsbustader i regionen enn for ti år sidan.

Størst vekst har det vore i Vinje, Kviteseid og Nissedal kommune med ein auke på høvesvis 34 %, 31% og 22% (sjå tabell 1).

Nissedal og Vinje kommune har flest fritidsbustader pr innbyggjar (sjå figur 1).<sup>3</sup>

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme knytt til fritidsbustader. Dette er ein rapport for Vest-Telemark som samla reisemål. Det vil i tillegg bli laga ein rapport pr. kommune.



Figur 1: Tal fritidsbustader på tal innbyggjarar or. Kommune (SSB)

	Innbyggjarar	Fritidsbustader		Endring i tal fritidsbustader frå 2012 til 2023	Fritidsbustader pr. innbyggjar
	2023	2012	2023		
<b>Seljord</b>	2961	1461	1457	-0,27 %	0,49
<b>Kviteseid</b>	2446	994	1306	31 %	0,53
<b>Nissedal</b>	1459	2117	2588	22 %	1,77
<b>Fyresdal</b>	1234	1327	1409	6 %	1,14
<b>Tokke</b>	2201	1288	1383	7 %	0,63
<b>Vinje</b>	3858	4343	5824	34 %	1,51
<b>Sum</b>	<b>14159</b>	<b>11530</b>	<b>13967</b>	<b>21 %</b>	<b>0,98</b>

Tabell 1: Utvikling i tal feriebustader pr. kommune i perioden 2012-2023 (SSB)

<sup>3</sup> Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023 -2033 kap. 4.4  
Hytteturisme

## 2. Om respondentane

---



Foto: Danny Seterdal

## 2.1 Respons

Totalt 1925 personar opna undersøkinga, medan 1897 kvalifiserte til å svare. Av totalt 13967 fritidsbustader i Vest-Telemark utgjer det om lag 13% av alle eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall<sup>4</sup> på 95% får me ein feilmargin på 2%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 58% og 62% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.



<sup>4</sup>Les meir om konfidensintervall her:

<https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>

## 2.2 Demografi

Svara viser at det er ei god fordeling mellom kjønna og mellom aldersgruppene. Det er eit godt mangfold av respondentar:

### Kjønn:


- 57% av respondentane er menn
- 43% er kvinner

### Alder:


- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 50-59 år. Dei utgjer ein del på 33,5%
- 25,3% er i aldersgruppa 40-49 år
- 23,4% i aldersgruppa 60-69 år

### Bustad:

- 32% av respondentane er frå tidlegare Telemark fylke
- 18% er frå tidlegare Vestfold fylke
- 13% er frå Agder fylke
- 12% er frå Rogaland fylke
- 9% er frå tidlegare Akershus fylke
- 5%-3% er frå tidlegare Buskerud fylke, Oslo fylke eller Vestland fylke.
- 2% er frå tidlegare Østfold fylke



Figur 2: Kva fylke bur du i? (N = 1675)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 1877)

### 3. Om fritidsbustaden

---



Foto: Jesper Rais/Rais Foto


### 3.1. Fritidbustadområde

Undersøkinga er lagt opp slik at det berre er dei som eig fritidbustad i ein av kommunane i Vest-Telemark som har høve til å svare.

Nærmore 58% av svara kjem frå Vinje kommune. Grunnen til den store oppslutninga i Vinje kommune er truleg at det er fleire store område med fritidbustader i kommunen. Dei fleste områda er organiserte i hyttevelforeiningar. Kommunen har god oversikt over alle hyttevelforeiningane. Oversikten som Vinje kommune delte gjorde det enklare å nå ut til velforeiningane og be om hjelp til å distribuera undersøkinga vidare til sine medlemmar. I kvar kommune er det stader med større tettleik av fritidbustader. Dei største områda er:

- Vinje kommune: Rauland, Haukeli og Øyfjell
- Nissedal kommune: Gautefall og Kyrkjebygdheia
- Kviteseid kommune: Vrådal
- Fyresdal kommune: Birtedalen
- Tokke kommune: Skafsåsheia
- Seljord kommune: Kvambekkheia og Grimås

For meir detaljar om kvar enkelt kommune og kvar enkelt område, sjå eigne kommunerapportar.



Figur 4: I kva for ein kommune i Vest-Telemark har du eller familien din fritidbustad?  
(N = 1898)



## 4. Bruk av fritidsbustaden

---




Foto: Mona B. Kasin

## 4.1. Vest-Telemark heile året

På spørsmål om kva tider/periodar av året fritidsbustaden blir brukt, svarer 84% at dei bruker fritidsbustaden heile året.

Det viser at Vest-Telemark har noko å tilbyde fritidsinnbyggjaren til alle årstider. Svara viser at det er større vekt på bruken i vinterhalvåret. Vintersesongen, desember til mars, og påska er tider på året der fritidsbustaden blir mykje nytta.

Fleire område med fritidsbustader i Vest-Telemark er godt tilrettelagde for vinteraktivitetar. Døme på område med alpinanlegg er Rauland, Haukeli, Vrådal og Gautefall. I tillegg har alle kommunane godt tilrettelagde langrennsløyper.




Figur 5: Kva for tider/periodar i året bruker du fritidsbustaden din? (N=1878)

## 4.2 Brukarar og bruksfrekvens


I samsvar med at fritidsbustaden blir brukt heile året, svarer nærmere 40% at fritidsbustaden blir brukt meir enn 50 dagar i året.

Fritidsbustaden blir stort sett brukt av vaksne. 45% svarer at dei som oftast er 2 vaksne i fritidsbustaden, medan 25% svarer at dei er 4 vaksne.

Det er 17% som har med seg eit barn, 34% som har med 2 barn, og 13% som har med seg 3 barn i fritidsbustaden.



Figur 6: Kor mange personar nyttar fritidsbustaden når den er i bruk? (Tal barn og tal vaksne) (N=1874)



Figur 7: Kor mange døgn i året trur du at fritidsbustaden er i bruk? (N= 1875)


## 4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Auka kostnadar ser ikkje ut til å påverke den framtidige bruken til eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark. Over 65% svarer at dei ser føre seg same bruk av fritidsbustaden som i dag, medan 26% ser føre seg ein auka bruk av fritidsbustaden i tida framover.

145 personar svara at dei ser føre seg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida. Dette utgjer 8% av alle som svara på spørsmålet.



Foto: Yngve Ask




Figur 8: Korleis ser du føre deg at bruken av fritidsbustaden din blir i framtida?  
(N =1868)


## 4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

75% av respondentane som ser føre seg *mindre* bruk av fritidsbustaden i framtida, oppgjev at auka straumprisar er årsak til mindre bruk. 40% oppgjev at grunnen er auka kostnader generelt. 26% eller 38 personar meiner at årsaka til mindre bruk av fritidsbustaden er eit for dårlig aktivitetstilbodet i området.

Hovudårsaka til auka bruk av fritidsbustaden er at fleire blir pensjonistar og har betre tid til å opphalde seg der. 55% oppgjev pensjonisttilvære som årsak til auka bruk. Nærmore 36% har ein fleksibel arbeidssituasjon som legg til rette for heimekontor og bidreg til fleire og lengre opphold i fritidsbustaden. 32% har born som veks til og flytter heimanfrå. Det medverkar til auka bruk av fritidsbustaden.



Figur 9: Kva er grunnen til at du ser for deg auka bruk av fritidsbustaden i framtida? (N = 488)



Figur 10: Kva er grunnen til at du ser for deg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida? (N = 145)



## 5. Utleige av fritidsbustaden




Foto: Terje Rakke

## 5.1. Utleige av fritidsbustaden


Det er mange formidlingsbyrå kor eigarar av fritidsbustader kan leige ut fritidsbustaden sin. Nokon av dei store er Booking.com, AirBnB, Novasol og Finn.no. Det finst også lokale utleigefirma. I Vest-Telemark er Vrådal Booking og Rauland Feriesenter gode døme på det.

I Vest-Telemark er det 172 av dei 1790 som svara på spørsmålet som leiger ut fritidsbustaden sin heile eller delar av året.


Av 1580 svar kan 450 personar tenke seg å leige ut om inntekta er mellom kr. 10 000,- og 200 000,- i året. 1080 personar kan ikkje tenke seg å leige ut uavhengig av inntekt.



Figur 11 Leiger du ut fritidsbustaden din? (N=1849)



Figur 12 Kan du tenke deg å leige ut fritidsbustaden din dersom du får ei leigeinntekt på: (N=1631)



Figur 13 På kva måte leiger du ut fritidsbustaden din? (N=176)

## 6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

---



Foto: Jesper Rais/Rais Foto


## 6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Vest-Telemark

Det er naturen og turområda i Vest-Telemark, sommar og vinter, som er viktigaste grunn for å eige fritidsbustad i regionen. Det oppgjev 90-95% av dei som har svara på undersøkinga. Andre viktige årsaker er at det er passe avstand heimanfrå (77%) og eit godt aktivitetstilbod (52%).

Over 60% meiner at skianlegget er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Vest-Telemark.

32% meiner at kulturtilbodet i Vest-Telemark er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Vest-Telemark.

Å ha slekt/røter i regionen, eller å ha arva fritidsbustad, er mindre relevante årsaker for å eige fritidsbustad i Vest-Telemark. Mellom 65-70% svarar at slekt og arv er ein svært lite relevante grunn til å eige fritidsbustad i Vest-Telemark.



Figur 14 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Vest-Telemark? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=1859)

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Vest-Telemark?

«Stillheten. At det nettopp ikkje er skianlegg i nærheten.» (Fyresdal)

«Allsidig sted, fint alle årstider. Ikkje så mye folk som andre steder» (Vrådal)

«Det er smellvakker og store områder der vi kan gå utenom løyper og kjenne oss fri. Og flotte fiskevann.» (Nissedal)

«Snøsikkert, jakt- og fiskemuligheter, toppturer.» (Seljord)

*«Flott natur, mange kulturelle tilbod. Mogleg å få ei hytte til ein rimeleg pris. Positiv kommune og ansatte.» (Tokke)*

«Fantastisk område med tilknyting til Hardangervidda og DNT-løypenett.»

«Nydelig natur, langrenn, topptur, alpinanlegg tilrettelagt for barn.» (Vinje)



Foto: Hans Kristian K. Hanssen




Figur 15: Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Vest-Telemark? (N = 488)

## 6.3 Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

Av dei 1862 svara på spørsmål om kva som er viktige årsaker til at fritidsbustaden blir brukt, svarer 92% at hovudårsaka er det å vere aktiv i naturen på vinteren. Av dei meiner heile 68.7% at det er *svært viktig* å vere aktiv i naturen på vinterstid.

Det er nesten like viktig å vere aktiv i naturen på sommaren, nyte roa og vere saman med familie og vener, oppgjev 90% av respondentane.

62,8% svarer at organiserte aktivitetar er ganske eller svært lite viktig årsak til at fritidsbustaden blir brukt. Men det å oppleve kulturen i Vest-Telemark gjennom lokalmatopplevelingar og museumsbesøk meiner 38% er ein ganske eller svært viktig årsak.



Figur 16: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1862) (Fleirval)

## 6.4 Aktivitetar og opplevingar




Foto: Per Kveim

Det viktigaste for fritidsbustadeigaren i Vest-Telemark er å vere i naturen. 78% meiner det er ein **svært** viktig aktivitet. 20% meiner det er **ganske** viktig.

Langrenn om vinteren er meir populært (84%) enn alpint (50%) og topptur/fjellski (48%).


Nærare 89% svarer at det å gå på tur på eiga hand er ein viktig aktivitet, medan over 70% meiner at det å skulle gå med guide er ganske eller svært lite viktig.



Figur 17: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Vest-Telemark?  
5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1865)



Foto: Jesper Rais/ Rais Foto



Figur 18: Kva skal til for at du bruker fleire aktivitetstilbod i Vest-Telemark (N = 1690)

## 6.5 Aktivitetar og opplevingar

På spørsmål om kva som skal til for at fleire aktivitetstilbod blir nytta i Vest-Telemark, svarer 52% at betre informasjon er ein viktig faktor. 46% meiner at tilboda kunne vore betre. 13% svarer «Anna» og har kome med kommentarar som:

*“Et punkt for informasjon fra ALLE aktører.”*

*“Veldig lite informasjon om moglegheiter for dei som ikkje er kjende. Kjempeområde både sommer og vinter som kommunen burde reklamere meir for.”*

*“Ikke interessert, ønsker bare fred og avslapping på hytta.”*

*“Naturen er viktigst.”*

*“Det er vanskelig å finne informasjon på nett. Feks. turer i området eller steder verdt et besøk. Arrangementer er også vanskelig å finne.”*

*“Flere sykkelstier og merka turstier.”*

*“Må bli flinkare til å tilby aktivitet utanom skisesong.”*

*“Savner sommertilbud for barn! Som f.eks. stor lekeplass, badeland, klatrepark e.l.”*




## 7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde



Foto: Jesper Rais/RaisFoto

## 7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren



Figur 19: Kor nøgd er du med tilrettelegginga for deg som eigar av fritidsbustad i Vest-Telemark? 5 = Svært nøgd, 1 = Svært misnøgd, 6 = veit ikkje/ikke relevant (N = 1875)

På spørsmål om kor nøgd fritidsinnbyggjaren er med tilrettelegginga av tilbod og tenester knytt til fritidsbustaden svarer:


- 82,4% at dei er ganske/svært nøgd med avstand til avfallsorteringspunkt.
- 63% er ganske/svært nøgd med informasjon om korleis avfall skal handterast.
- 63% er ganske/svært nøgd med høve for kjeldesortering i fritidsbustaden.
- 65,7% er ganske/svært nøgd med breiband og mobildekninga.
- Omlag 50% er ganske/svært nøgd med informasjonstavler og tilrettelegging av turstiar, parkeringstilbod, lokalmattibil, opningstider på miljøstasjon og ladetilbod for el-bil.

På dei resterande fire spørsmåla svarer fleire enn 70% at dei er nøytrale eller at dei ikkje ser på spørsmåla som relevante i sitt tilfelle.

## 7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet

På spørsmål om kor einig eller ueinig respondenten er i følgjande påstandar, kan spørsmåla delast inn i fire forskjellige tema. Kvart tema blir omtala i meir detalj på dei komande sidene:


- 7.2.1 Opplewinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen.
- 7.2.2 Bedriftene som fritidsinnbyggjaren bruker/besøker.
- 7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv.
- 7.2.4 Omfang av fritidsbustader.




Figur 20: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 = Svært einig, 1 = Svært ueinig (N = 1875)

## 7.2.1 Opplevinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen


- 42,9% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rette for fritidsinnbyggjarane. 15,5% er ganske eller svært ueinige.
- 59,5% er svært eller ganske einige i at lokalbefolkinga er positive til fritidsinnbyggjarane. 16.7% er ganske eller svært ueinige i det.




Figur 21: Eg opplever at kommunen er oppteken av å leggja til rette for oss fritidsinnbyggjarar.  
(N=1876)




Figur 22: Eg opplever at befolkninga i Vest-Telemark er positive til oss fritidsinnbyggjarar  
(N =1878)



Figur 23: Eg opplever at dei som arbeider i servicebedrifter i Vest-Tekmark er serviceinnstilte, imøtekomande og har god lokal kunnskap. (N=1875)



Figur 24: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=1868)




Figur 25: Eg er viktig for meg at bedriftene eg besøker viser miljøansvar (N=1868)

## 7.2.2 Bedriftene som fritidsinnbyggjaren nyttar seg av


- 71,9% er svært eller ganske einige i at dei som arbeider i servicebedrifter i Vest-Tekmark er serviceinnstilte.
- 34,4% er svært eller ganske einige i at der viktig at bedriften nyttar er miljøsertifiserte.
- 65,3% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedriftene viser miljøansvar.

### 7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

- 23,2% er einig i at dei får god informasjon om omsynet til villrein. 42,6% er ueinige.
- 35,8% er einige i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur. 24,5% er ueinige.




Figur 26: Eg får god informasjon om villrein og kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad bør ta til villreinen. (N=1095)




Figur 27: Eg får god informasjon om kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad må ta for å medverke til sikkerheit og vern av natur og kultur. (N=1869)

## 7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

- 36,2% respondentar er nøytrale til om det er for mange fritidsbustader i Vest-Telemark. 33,5% er svært eller ganske einig i at det er for mange fritidsbustader i regionen.
- 21,9% respondentar er nøytrale til at det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda. 61,3% er svært eller ganske einige i at det bør stilles strengare krav.



Figur 28: Eg tykjer det er for mange fritidsbustader i Vest-Telemark (N=1875)



Figur 29: Det bør stillast strengare krev til bygging av fritidsbustader i fjellområda (N = 1875)



## 8. Deltaking i lokalsamfunnet

---



Foto: Gudrun Semons


## 8.1. Lokalt engasjement

På spørsmål om kor aktuelt det er for fritidsinnbyggjaren å involvere seg i lokalsamfunnet, utover det han gjer i dag, svarer:

- 62,9% svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å engasjere seg meir i frivilligarbeid.
- 76,7% svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å flytte til fritidsbustaden sin.
- 76,2% svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å selje tenester i lokalsamfunnet der fritidsbustaden ligg.
- 84,8% svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å nytte tilbod om kontorplass i nærleiken av fritidsbustaden.



Foto: Mona B. Kasin



Figur 30: Kor aktuelt er følgjande for deg? 5 = Svært aktuelt, 1 = Svært lite aktuelt (N = 1097)


## 8.2 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

Kvar blir daglegvarer kjøpt på veg til fritidsbustaden?


Ved lengre opphold svarer 78% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg.

Ved helgeopphold svarer:

- 36% handlar undervegs i annan kommune enn der fritidsbustaden ligg
- 34% handlar heime før dei reiser
- 28% handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg



Figur 31: Ved lengre opphold (N =1868)



Figur 32: Ved helgeopphold (N = 1871)

9

## 9. Berekraft på reisemålet

---





Foto: Mona B. Kasin



Figur 33: I kva grad er du einig i utsegna: Vest-Telemark framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolking (N = 1875)

## 9.1. Vest-Telemark som berekraftig reisemål

I kva grad er du einig eller ueinig i utsegna: Vest-Telemark framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolking?


- 30% svarer at dei er svært einige i utsegna.
- 39% svarer at dei er litt einige i utsegna.
- 21% er nøytrale til utsegna.
- 6% er litt ueinige i utsegna.
- 3% er svært ueinige i utsegna.

## 9.2. Energisparing i fritidsbustaden


66.9% av fritidsinnbyggjarane er interessert å gjøre energisparande tiltak.

Dei mest brukte tiltaka for å redusere energibruken i fritidsbustaden er:

- Bruk av sparepærer/LED-pærer (75,8%)
- Reduksjon av innetemperaturen (67%)
- Bruk av smarte løysingar og installasjon av el-billadar er det omlag 34% som har fått på plass.



Figur 34: Er du interessert i å gjøre energisparande tiltak og/eller andre miljøtiltak  
(N = 1865)




Figur 35: Kva for energisparande tiltak er gjort i fritidsbustaden din? (N = 1845)

## 9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden


Spørsmålet om kva transportmiddel som blir bruka for å reise til hytta var eit fleirvals-spørsmål. Dermed svarer over 100% at dei bruker privatbil. 69.2% bruker bil som er hybrid eller går på bensin eller diesel. 43,1% bruker elektrisk bil.

68.9% kan ikkje sjå at det er mogleg å koma seg til fritidsbustaden med kollektivtransport i Vest-Telemark.

21% svarer at dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det finnast transportløysingar som gjer at ein kjem frå hytta og til butikken eller andre stader ein treng/ønskjer. 10% trur dei i større grad vil nytte kollektivtransport om rutene var lagt betre til rette og det var hyppigare avgangar.



Figur 36: Kva hovudtransportmiddel nyttar du når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=1879)



Figur 37: Kva skal til for at du i større grad nyttar kollektivtransport når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=1862)

## 10. Den samla opplevelinga av reisemålet

---




Foto: Thomas Berstad

## 10.1. Den samla opplevinga av Vest-Telemark som reisemål

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Vest-Telemark kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 37% er svært ueinige i utsegna.
- 30% er ganske ueinige i utsegna.
- 7% er ganske einige i utsegna.
- 4% er svært einige i utsegna.




Figur 38: I kva grad er du einig i utsegna: Vest-Telemark kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der? (N=1879)

## 10.1. Den samla opplevinga av Vest-Telemark som reisemål

Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Vest-Telemark som reisemål? Her er 38,5% nøgde og har gitt ei vurdering mellom 9-10, 47,6% er meir nøytrale og har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan 14,0% er mindre nøgde og har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 39: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Vest-Telemark som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.). (N=1879)